



Logopedtenester for barn og unge

Korleis få utført eller motta tenesta:

Ved generelle spørsmål til logopediske område, kan ein gjerne ta kontakt med logopeden for å rådføra seg.

Dersom ein er uroleg for eit barn med spesifikke utfordringar knytt til språklydar, taleflyt eller stemme, kan ein avtale eit nettverksmøte der logopeden vert invitert inn saman med barnehage/skule og føresette. I enkelte tilfelle vil det få vera aktuelt at logopeden arbeider direkte ned barnet etter eit slikt møte, og gir rettleiing til føresette og barnehage/skule i ein periode.

Dersom barnet har meir omfattande og vedvarande vanskar med spåket bør ein kontakta PP-tenesta og invitera til eit nettverksmøte saman med føresette og andre aktuelle samarbeidspartar. Dersin det etterkvart syner seg at barnet oppfyller retten til [§5-1 i opplæringslova](#) eller [§19a i barnehagelova](#), kan det ha rett på oppfølging av logoped over ein lenggje periode og føresette/ skule/ barnehage kan ha rett på rettleiing.

Kontaktinformasjon:

Logoped: Ingvild Fjell, tlf 53 49 69 37/ 90 80 03 50

E-post: ingvild.fjell@stord

Besøksadresse: Bytunet, 3. etg, osen 2, 5411 Stord (saman med PPT)